

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 06.03.2019, kl. 17.00 – 19.40

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Pål Aarsæther og Rannveig B. Stavset.

Janne Gommesen hadde ikkje meldt forfall.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Frå Storfjorden barnevern møtte einingsleiar Lene Solheim under sak 05/19.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Kontrollutvalet valde å handsame sak 05/19 etter sak 01/19.

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 12.12.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 12. desember 2018 blir godkjent.

Sak 05/19 - Orientering om Storfjorden barnevern ved einingsleiar Lene Solheim.

Kontrollutvalet fekk ei god og grundig lysarkorientering om stoda i Storfjorden barnevern. Medlemmane i kontrollutvalet fekk stille spørsmål undervegs og einingsleiar Lene Solheim utdjupa ulike sider ved tenesta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 02/19 - Ny kommunelov - nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. februar 2019.

Kontrollutvalsekretariatet si innstilling til vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

Kontrollutvalsmedlem Pål Aarsæther fremma følgjande forslag til nytt punkt 1:

Skodje kontrollutval tilrår Nye Ålesund å opprette eit kontrollutval med minst 7 medlemmar for perioden 2020 – 2024.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Skodje kontrollutval tilrår Nye Ålesund å opprette eit kontrollutval med minst 7 medlemmar for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
3. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

Sak 03/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Skodje kommune.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. februar 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Sak 04/19 - Sekretariat for kontrollutvala fra 2020.

Sakspapirer fra kontrollutvalgsekretariatet datert 27. februar 2019.

Kontrollutvalget sitt samrøystes vedtak til innstilling:

Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande vedtak:

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
 2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.
-

Eventuelt:

På neste møte i Skodje kontrollutval ønskjer utvalet ei oppdatering av KU sak 20/18, situasjonen ved Furelia.

Møtet var slutt kl. 19.40

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)

Rannveig B. Stavset
medlem
(sign)